

# Tyngd på fyrsta stavingi i lánord

Sverre Stausland, Maria Evjen og Luca Lukas

## Tyngd på norsk

Når me segjer ord med meir en éi staving på norsk, hev me tokken at ei av stavingarne skil seg ut framum hina. Det er nokot med ljodgangen og ljodlengdi som gjerer at me tykkjer det ligg meir «tyngd» på denne stavingi. Her skal me ikkje ganga meir inn på dei ljodlagsdragi som gjev oss den tokken (sjå m.a. Sivertsen, 1967; Vanvik, 1979; Kristoffersen, 2000 um det). Spursmålet me skal sjå nærare på i detta stykket, er kvar i ordet denne tyngdi ligg.

I norske ord ligg tyngdi mest stødt på fyrsta stavingi, sama kor langt ordet er. I ord med roti *eig-*, til dømes, ligg tyngdi jamt på denne stavingi (her merkt med trongt ljodstrik´): *éiga*, *éigar*, *éigarar*, *éigararne* (Aasen, 1864, s. 47). I ord som er samansette av fleire røter, ymsar det i målføri kvar tyngdi ligg. I sume målføre heiter det *kyrkjogard*, i andre *kyrkjogård* (Aasen, 1864, s. 47, 120; Larsen,

---

Detta stykket byggjer på ein fyrelesnad me gav i lag med Janne Bondi Johannesen på stemno *Sluttseminar for LIA-prosjektet* i Trondheim 26/11 2019 (Stausland Johnsen o.a., 2019). Janne do 15/6 2020, fyrr en me tok til å skriva detta stykket. Difyre hev ikkje ho fenget høve til å sjå korkje rit elder uppkast, og med det kann ikkje ho standa andsvarleg fyre ihaldet elder ordlyden (sjå elles *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora*, s. 14–15). Starvet med stykket vart skift soleides: Sverre kom upp med granskingsspursmålet og etterrøknaden, og hev skrivet detta stykket. Maria og Janne sankade inn ord frå samningi og talde deim inn, og Maria skreiv upplegget til bolkarne *Innsanking og innteljning* og *Fundar*. Sverre skreiv desse bolkarne um, og hev elles gjort suma rettingar i innteljningi og handsamingi av tilfanget, men han hev inkje seet etter med heile etterrøknaden på nytt. Luca hev lagat karti. Takk til Gjert Kristoffersen og tvo unemnde felagar fyre merknader til eit uppkast av detta stykket, og til bokstyraren Thorgeir Holm fyre merknader til målføringi då stykket skulde setjast.

1913). I detta stykket skal me ikkje taka fyre oss slike samansette ord, men berre sjå på ord med éi ordrot.

I mange av dei utlendske måli norsk hev lånt ord frå, ligg ikkje tyngdi stødt på fyrsta stavingi. Eit spursmål som kjem upp då, er kvat som hender når norske målføre låner eit ord der tyngdi ligg på ei onnor staving. I det norsk-danska talamálet er det velkjent at lånordi held på den tyngdleggingi dei hadde i det målet dei vart lånte frå (Brekke, 1881, s. 53; Næs, 1979, s. 81). Sidan me ikkje stødt kann vita kvat utlendskt mål dei norske målføri hev fenget eit lånord frå, elder kvat tid dei fekk ordet, læt me lånordi i det norsk-danska talamálet standa fyre den utlendska tyngdleggingi her (Alnæs, 1925). Um ikkje annat vert sagt, skal me berre sjå på lånord der tyngdi ikkje ligg på fyrstestavingi i norsk-dansk, og det er slike ord me legg i nemningi *lånord* i detta stykket.

I dei norske målføri finn me at lånordi anten held på den utlendska tyngdleggingi, som i norsk-dansk, elder at dei er innhøvde i den norske skipnaden og fær fyrstestavingstyngd. Eit lånord som *papir* fær då anten segnaden *papír*, som i norsk-dansk, elder vert norskat til *pápir* (Aasen, 1848, s. 71–72; 1864, s. 120; 1873, s. 565). Fyremålet med granskingi i detta stykket er å finna ut kvat målføre som vel kvat halvkor.

### Målføremerke og kart

Um målføret flýtt tyngdi i lånord fram til fyrsta stavingi elder ei, må gjelda fyre eit av dei allra mest kjende målføremerki i landet. Folk flest er jamnaste fullvisse um målføret på staden hev *ávis* elder *avís*, og oftaste veit dei vèl um hine målføri i landsluten hev det eina elder hitt. Av den grunn vert detta skilet ofta dreget fram når folk vil gjeva døme på korso målføri våre skilst át, og detta måldraget vert jamt ettergjort når folk vil herma eit annat målføre.

Men endå um detta målføremerket er eit av dei mest kjende, finst det ikkje — etter det me veit — nokot målførekart som syner utbreidingi av denne ovringi. Um ein skal gruna på kvat det kann koma av, er nog grunnen til det at målføregranskarar hev voret mest forvitne etter korso talamáli hev vakset seg frå gamalnorsk. Sidan dei fleste lånordi med ei unorsk tyngdlegging er innkomne etter gamalnorsk tid, fell det ikkje inn under detta synmålet kvat som hender med dei ordi.

Dei målførekarti me hev, er fyre det mesta tyfte på innsankat tilfang etter ordskråi hans Johan Storm (Storm, [1884]; Hoff, 1960).

Denne ordskråi rømer ingi nye lånord som kunde ha havt ei unorsk tyngdlegging, og di kann ho ikkje leggja grunnen fyre eit målførekart fyre tyngdlegging i lånord.<sup>1</sup> Som Ingeborg Hoff skriv: «Lista set grenser for kva ein kan teikna kart over» (1960, s. 596). Skal ein laga kart med utsyn av denne ovringi, må ein byggja på annat tilfang en det denne skråi gjev oss.

### Påstand i bokheimen um tyngdlegging

Jamvel um ingi kart finst, er det ingen skort på påstand i bokheimen um utbreidingi av fyrstestavingstyngd i lånord. Sidan synmålet vårt her er på utbreidingi i landet, viser me berre til bøker um norske målføre ålment. Dei fleste nøgjer seg med å skriva at fyrstestavingstyngd i lånord er ei ovring i «austlendsk» elder «austnorsk», utan at skilgarden fyre ovringi vert fastsett nokot grannare (Storm, 1908, s. 43; Christiansen, [1946–48], s. 29; Kolsrud, 1951, s. 11; Vigeland, 1995, s. 23; Papazian og Helleland, 2005, s. 17; Hanssen, 2010, s. 58–59; Mæhlum og Røynealand, 2023, s. 48).

Sume set fyrstestavingstyngd i samband med fyrstelekkstyngd i ljodfallsvaldet. Det ljodfallet me ber fram på eit ord som vert sagt fyre seg sjølv, vert i ei setning jamnaste boret fram i eit vald som er større en det eina ordet. Eit samband av eit segnord med eit medord er oftaste eitt ljodfallsvald på norsk, og i mange norske målføre fær eit slikt ljodfallsvald tyngd på fyrste lekken, d.e. på segnordet, som i *tá-burt* (Alnæs, 1916, s. 98). Her ser sume eit samband millom fyrstelekkstyngd i slike ljodfallsvald og fyrstestavingstyngd i lånord. Dei læt um at dei målføri som hev *tá-burt*, hev fyrstestavingstyngd i lånord, og at dei målføri som hev *ta-búrt*, ikkje hev det (Jahr, 1990, s. 10; Skjekkeland, 1997, s. 31; Vaa, 2016, s. 22). Men desse two ovringarne svarar ikkje heilt ei til onnor. Til dømes er det målføre i Grenland som ikkje hev fyrstestavingstyngd i lånord, men som lika fullt hev fyrstelekkstyngd i ljodfallsvald (Dalene, 1953, s. 14, 24–25).

Anders Vaa nemner at fyrstestavingstyngd i lånord «sammenfaller ganske godt med skillet i tonegang», der vestlendsk hev høg ljodhøgde og austlendsk låg ljodhøgde (2016, s. 21–22). Men utbreidingi av ljodgangarne i norsk er kjend (Fintoft og Mjaavatn, 1980a,

1. Do er det nokot mange lånord i skråi. På fyrsta sido finn me i minsto *Pipar*, *Bekar* (§ 2), *Kopar* (§ 4), *Spegel* (§ 5), *Plass*, *Dans*, *Hanske*, *blank* og *krank* (§ 6), sjå Torp (1919) og de Vries (1962). Men dei er alle gamle lånord som fullt og heilt fylgjer norsk ljodskipnad og ljodvokster, og det er radt difyre dei er medtekne i skråi, må tru.

s. 71), og ho samsvarar ikkje med fyrstestavingstygnd i lånord. Her hev målføri i Aust-Agder, du vil segja, låg ljodhøgd, men lika fullt ikkje fenget fyrstestavingstygnd i lånord (Torp, 1986, s. 74, 77).

Sidstpå læt Martin Skjekkeland um at utbreidingi av fyrstestavingstygnd i lånord er fullik utbreidingi av jamtyngdskipnaden (1997, s. 31). Målføret hev ein jamtyngdskipnad når endaljodet er veikt til -ə elder fell burt etter ei gamall lang rotstaving (*kasta* > *kasta/kast*), men ikkje veikt etter ei gamall stutt rotstaving (*vera* > *vera/våra*). Men utbreidingi av jamtyngdskipnaden er velkjend (Larsen, 1897, s. 103; Hoff, 1960, s. 611), og samsvarar ikkje med utbreidingi av fyrstestavingstygnd i lånord. Millom annat hev ikkje målføri i Sud-Austfold ein jamtyngdskipnad, men hev lika fullt fyrstestavingstygnd i lånord (Fjeld, 1995, s. 10–11, 16).

### Ei ny gransking av fyrstestavingstygnd i lånord

Som gjennomgangen i fyrre bolken hev synt, synest det ikkje vera nokot annat måldrag i landet som samstavast med utbreidslo av fyrstestavingstygnd i lånord. Skal ein finna ut kvar skilgardarne fyre denne ovringi rettelega gjeng, lyt ein røkja etter på nytt. Einn utveg vøre å saumfara bokheimen um norske bygdarmål og draga upp skilvangarne frå det tilfanget ein finn der (Nes, 1986). Ein vanske med den drivnaden er at manga målførebøker allfares ikkje nemner nokot um tyngdlegging i lånord. Grunnen til det, må tru, er nog myket den same som at me ikkje hev nokot kart av denne ovringi i dag og at slike lånord ikkje er medtekne i ordskråi hans Storm (sjå sida 90–91). Difor kann det vera gagn i å hagnyta alt det ordtilfanget som finst på ljodbandi i LIA-samningi, som hev upptak frå til saman 1374 heimelsmänner frå 222 herad i Norig (Hagen o.a., 2021, s. 11). Røynt vårt her er di å sjå kor myket me kann få vita um utbreidslo av denne ovringi når me søkjer gjennom denne samningi.

#### *Framferd*

Etter eget vit og tykke søkte me i LIA-samningi etter lånord av retta gjerdi, og som me dømtade det var von um at slong helder ofta i rødor med både byfolk og bygdarfolk. Dei var serlega lånord som endade med visse utlendske etterfeste som *-ikk* og *-sjon*, men òg andre ord som *avis*, *person* og månadsnamn. Eit upptal med dei ordi me søkte etter i samningi, stend nedanfyre.

- Månadsnamn (*april, august, namn på -ar, namn på -ber*)
- Ord på *-al* (*kommunal, lokal*)
- Ord på *-ett* (*asjett, billett, skjelett, toalett*)
- Ord på *-ikk* (*butikk, fabrikk, musikk, trafikk*)
- Ord på *-in* (*bensin, maskin*)
- Ord på *-sjon* (*auksjon, generasjon, operasjon, produksjon, stasjon, tradisjon*)
- Ord på *-ør* (*direktør, sjåfør*)
- Andre ord: *avis, person, telefon*

### *Innsanking og innteljing*

Me sankade inn 1049 framburdar av dei eitt og tretti ordi upptalde ovanfyre. Fyre kvar talar talde me berre inn einn framburd fyre kvart ord. Um ein talar sagde *bénsin* tie skov, vart ordet *bénsin* med fyrstestavingstyngd dimed berre inntalt eitt skov fyre denne talar. Undantaket var um ein talar ymsade i framburden sin, då talde me inn einn av kvar (d.e. einn *bénsin* og einn *bensín*). Detta var det berre eitt tilfelle av i tilfanget vårt. Um me ikkje greidde å høyra um ordet vart sagt med fyrstestavingstyngd elder ei, vart det ikkje medtalt. Det var i ollo eitt og tretti slike tilfelle. Lagt saman vart då 1018 framburdar inntalde frå 175 herad.<sup>2</sup>


### **Fundar**

#### *Kjennemerkjande kart*


So myket me skulde få kjennemerkjande kart, merkte me fyre kvart herad um yvermengdi av framburdarne der hadde fyrstestavingstyngd elder ei. Me vilde vera trygge på at desse marki var sætande, og skilde di ut dei heradi som hadde opplysingar um minst try lånord. Sjau og femti herad hadde færre en try lånord, og då vart desse heradi ikkje medtalde. Då sit me atter med 118 herad. Kart 1 og 2 syner fram desse heradi.<sup>3</sup>

Som ventat syner karti at det er fyrstestavingstyngd i austnorsk, og det tel med målføret i Indre Trums, der dei talar øysterdalsmål (Larsen, 1897, s. 96; Reitan, 1928, s. 8, 26). Me merkar oss


2. I innteljingi vår hev me skrivet inn dei heradi som er oppførde under «Kommune 1960» i samningi. Men desse opplysingarne er ikkje allstødt retta, for samningi fører ofta upp dei heradsnamni som galdt etter alla heradssamanslåingarne på 1960-talet. Me hev rettat upp i desse opplysingarne i dei falli det hadde nokot å segja fyre karti, i samhøve med Juvkam (1999).
3. Mange av heradi er helder småe. Um du hev detta stykket i pdf, kann du gjera karti større so at dei småe heradi hildrar seg og vert skillege.



**KART 1:** Yvermengd med fyrstestavingstyngd i Nord-Norig




KART 2: Yvermengd med fyrstestavingstyngd i Sud-Norig



KART 3: Åtgåingar med fyrstestavingstygnd i Nord-Norig





KART 4: Åtgåingar med fyrstestavingstyngd i Sud-Norig

ei yvermengd med fyrstestavingstyngd i lånord i Bolsøy utanfyre Molde by i Ytre Romsdal, men ikkje i Grytten i Indre Romsdal. I Trondheim by finn me eit jamt skifte millom tyngd og vantande tyngd på fyrstestavingi, med ei liti yvermengd på vantande tyngd (nittan mot sjauttan). Dømi frå Sel i Nord-Gudbrandsdalen og Verdalen i Inntrøndalag hev oftaste ikkje fyrstestavingstyngd. Me kjem attende til desse staderne i dryftingi.

### *Heilslege kart*

På kart 3 og 4 er alle 175 heradi me hev tilfang frå, vortne merkte etter um me gådde framburdar der med fyrstestavingstyngd i det heila. Desse karti syner fyre det mesta det sama som kart 1 og 2, med fyrstestavingstyngd i austnorsk. Lika fullt finn me einstaka døme med fyrstestavingstyngd i lånord i både vestnorsk og nordnorsk, og det gjeld fyrst og fremst månadsnamn og ordet *maskin*. Dømi frå Lyngen i Nord-Trums kann koma av innsig frå finsk au, der tyngdi allstødt ligg på fyrstestavingi, òg i lånord som *másiidna* (Nickel, 1994, s. 20–21).

### **Dryfting**

Karti stadfester i ålmenne drag den hovudtokken me fær frå bokheimen. Det er fyrstestavingstyngd i dei austnorske målføri, men ikkje i dei vestnorske og nordnorske målføri. Men fyremålet med denne røknaden var å sjå um me kunde få grannare skil på kvar skiftet millom desse tvau halvkori gjeng. Mange stader hev me ikkje greidt det. Nokot av grunnen til det er at LIA-samningi ikkje synest vera stor nog. Det er stor skort på tilfang i samningi frå dei fjellendte ryfti i Sud-Norig, som ligg radt på yvergangen millom austnorsk og vestnorsk, og der me må tru skilet gjeng. Det sama gjeld fyre målføri i Vestfold, som vantar mest heilt i detta tilfanget. Då kann me helder ikkje sjå kvar skilvangen gjeng millom skipnaden i Nedre Buskerud, som hev fyrstestavingstyngd, og Grenland, som ikkje hev fyrstestavingstyngd.

Ei onnor ugreida er at LIA-samningi synest hava folk som ikkje talar målføret på staden etter den gamla og nedervda visi. Då kann me få einskilde herad på kartet utan fyrstestavingstyngd der fyrstestavingstyngd er kjend frå det gamla målet. Det gjeld serlega tilfang frå byarne, der det lenge hev voret målbryting millom eit norskt bymål og det norsk-danska talamålet (Larsen, 1907, s. 10–15). Eit slikt døme her er Trondheim, som synt ovanfyre. Bymålet hev frå gamalt fyrstestavingstyngd i lånordi (Vanvik,

1966, s. 90; Hårstad, 2010, s. 150), men ymsing i detta måldraget er longo kjent (Fintoft og Mjaavatn, 1980b, s. 105–107). Ein kann leggja imot detta og segja at desse nye framsegnerna er lika rettelega og sanna som dei gamle og nedervde, og at det vandlega er ein fyremun at LIA-samningi fær fram sovori ymsing i notidi. Det er alt sant, men det gjerer det lika fullt ugredt å teikna eit kart frå det. Og det var radt skorten på eit slikt kart som var grunnen fyre etterrøknaden i detta stykket.

Men ymsing i fyrstestavingstygndi kjem ikkje berre av no-tidig målbryting. Det er verdt å minnst at spursmålet um fyrstestavingstygndi i lånord ikkje er ei svart-kvit avteikning i dei gamle bygdarmåli helder. For det er ikkje allstødt so at eit målføre anten hev elder ikkje hev fyrstestavingstygndi i alle lånord. I vestnorske og nordnorske målføre er det ofta so at rettelega gamle lånord fær fyrstestavingstygnd, men nye lånord ikkje fær det. Di heiter det millom annat *natur*, men *politikk*, i desse målføri (Heggstad, 1932, s. 7; Christiansen, 1933, s. 33–35). Det kann gjera greida fyre dei ein-skilde dømi på fyrstestavingstygndi i vestnorske og nordnordske målføre på kart 3 og 4. Samaleides er det òg austnorske målføre der sume lånord hev fyrstestavingstygnd, og andre ikkje hev det. Ein sovoren skipnad er kjend frå både nordgudbrandsdalske og inntrøndske målføre (Horne, 1917, s. 17–18; Dalen, 1985, s. 170). Kart 2 syner at yvermengdi av dømi frå Verdal i Inntrøndalag og Sel i Nord-Gudbrandsdalen vantar fyrstestavingstygnd, og det kann radt vera eit gamalt drag i dei målføri som kjem fram der.

I røyndi vert spursmålet um fyrstestavingstygndi i målføri ofta eit spursmål um kvat tyngdskipnaden i målføret var på eit visst leite i sogo. Då lyt ein sjå på korso dei lånordi som kom inn i målføret på um lag sama tidi, vert sagde. Men det er ofta uråd å vita kvat tid eit lånord kom inn i målet, og tidt er eit ord vortet innlânt mange skov. Eit døme på det er når det gamla lånordet *natur* i hokyn kjem burt fyre det nya lånordet *natúr* i hankyn (Bjørkum, 1968, s. 49). Då kann me lett enda med å ganga i ring: Eit lånord fær fyrstestavingstygnd um det er gamalt, og me veit at eit lånord er gamalt av di det hev fyrstestavingstygnd.

Men det som er visst, og som me kann sjå frå dei vestnorske og nordnorske målføri, er at tyngdskipnaden i eit målføre kann brigdast med tidi. Tilhøvi i desse målføri er lika fullt merke på at all norsk, kann henda, eitt sinn hadde fyrstestavingstygndi i lånordi, og at stodo i dag er utkomo av ein jamn vokster burt frå den gamle skipnaden og mot den utlendske og norsk-danske. Målvoksteren

i dag syner at det sama brøytet gjeng fyre seg i austnorsk no (Stausland Johnsen, 2015, s. 143). Trulega er det berre stundi um å gjera fyre all norsk hev mist fyrstestavingstyngd i lånordi. Då vert det i minsto endafremt å teikna eit kart.

### Lesnad

- Alnæs, Ivar. 1916. *Norsk sætningmelodi. Dens forhold til ordmelodien. En undersøkelse av østnorsk riksmål*. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- 1925. *Norsk uttaleordbok*. 2. utg. Utgitt av Bymålslaget. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Bjørkum, Andreas. 1968. *Årdalsmål hjå eldre og yngre. Ei utgreiing om formverket med eit tillegg om generasjonsskilnad i lydverk, ordbruk og formverk*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv 20. Universitetsforlaget.
- Brekke, K. 1881. *Bidrag til dansk-norskens lydlære. Indbydelsesskrift til den offentlige examen i juni og juli 1881 ved Aars og Voss's latin- og realskole*. Kristiania: W.C. Fabritius, s. 1–66.
- Christiansen, Hallfrid. 1933. *Gimsøy-målet. Fonologi og orddannelse*. Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Hist.-filos. klasse. 1932 3. Oslo: Jacob Dybwad.
- [1946–48]. *Norske dialekter*. Tanum.
- Dalen, Arnold. 1985. *Skognamålet. Ein fonologisk analyse*. Nordiske studiar 2. Oslo: Novus.
- Dalene, Halvor. 1953. *Lydverket i solumsmålet*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv 3. Oslo.
- Fintoft, Knut og Per Egil Mjævatn. 1980a. *Tonelagskurver som målmerke. Maal og minne 1–2*, s. 66–87.
- 1980b. *Språksosiologiske forhold i Trondheim bymål*. Tapir.
- Fjeld, Ruth Vatvedt. 1995. *Jæ høuer gött hött døm sa, mæn ente hössen døm sa'et. Om dialekten i Aremark i Østfold. Talatrusten 29*, s. 9–22.
- Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora*. 2021. 5. utg. Redigert 2023. De nasjonale forskningsetiske komiteene.
- Hagen, Kristin o.a. (styr.). 2021. *Språk i arkiva. Ny forskning om eldre talemål frå LIA-prosjektet*. Oslo: Novus.
- Hanssen, Eskil. 2010. *Dialekter i Norge*. LNUS skriftserie 184. Bergen: Fagbokforlaget.
- Heggstad, Leiv. 1932. *Vossemålet. Vossabygdene 22*, s. 3–64.
- Hoff, Ingeborg. 1960. *Norsk dialektatlas. Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap 19*, s. 595–622.
- Horne, Helga. 1917. *Aksent og kvantitet i Vaagaamaalet*. Bidrag til nordisk filologi av studerende ved Kristiania universitet 3. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- Hårstad, Stian. 2010. *Unge språkbrukere i gammel by. En sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Trondheim*. Avhandling for graden philosophiae doctor. Trondheim: Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap. Det humanistiske fakultet. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Jahr, Ernst Håkon. 1990. *Dialekter og dialektbruk i Norge. Den store dialektboka*. Ernst Håkon Jahr styrde. Oslo: Novus, s. 7–27.

- Juvkam, Dag. 1999. *Historisk oversikt over endringer i kommune- og fylkesinndelingen. Rapporter 99/13*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Kolsrud, Sigurd. 1951. *Nynorsken i sine målføre*. Oslo: Jacob Dybwad.
- Kristoffersen, Gjert. 2000. *The phonology of Norwegian*. The phonology of the world's languages. Oxford: Oxford University Press.
- Larsen, Amund B. 1897. *Oversigt over de norske bygdemål*. Med et kart. Kristiania: H. Aschehoug & Co.'s forlag.
- 1907. *Kristiania bymål. Vulgærsproget med henblik på den utvungne dagligtale*. Utgit av Bymålslaget. Kristiania: Cammermeyers boghandel.
  - 1913. Om betoning paa andet sammensætningsled i de norske bygdemål. *Festskrift til professor Alf Torp. Paa hans 60 aars fødselsdag*. 27. september 1913. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard), s. 36–45.
- Mæhlum, Brit og Unn Røynealand. 2023. *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. 2. utg. Cappelen Damm Akademisk.
- Nes, Oddvar. 1986. *Norsk dialektbibliografi*. Oslo: Novus.
- Nickel, Klaus Peter. 1994. *Samisk grammatikk*. 2. utg. Davvi Girji.
- Næs, Olav. 1979. *Norsk grammatikk. Elementære strukturer og syntaks*. 4. utg. Oslo: Fabritius.
- Papazian, Eric og Botolv Helleland. 2005. *Norsk talemål. Lokal og sosial variasjon*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Reitan, Jørgen. 1928. Oplysninger om målet i Bardo og Målselven. *Maal og minne*, s. 1–35.
- Sivertsen, Eva. 1967. *Fonologi. Fonetikk og fonemikk for språkstudenter*. Scandinavian university books. Universitetsforlaget.
- Skjekkeland, Martin. 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Stausland Johnsen, Sverre. 2015. *Språkendringar langs Oslofjorden. Talemål etter 1800. Norsk i jamføring med andre nordiske språk*. Helge Sandøy styrde. Oslo: Novus, s. 125–158.
- Stausland Johnsen, Sverre o.a. 2019. *Tyngd på fyrste stavinga i lånord*. Sluttseminar for LIA-prosjektet. Trondheim.
- Storm, Joh. [1884]. *Kortere Ordliste. Med Forklaring af Lydskriften*. Oslo: Grøndahl & Søn.
- 1908. Norsk Lydskrift med Omrids av Fonetiken. *Norvegia* 1, s. 19–179.
- Torp, Alf. 1919. *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Torp, Arne. 1986. *Landvikmålet. Eit norsk skagerakmål*. Grimstad: Landvik historielag.
- Vanvik, Arne. 1966. *A phonetic-phonemic analysis of the dialect of Trondheim*. Universitetsforlaget.
- 1979. *Norsk fonetikk. Lydlæren i standard østnorsk supplert med materiale fra dialektene*. Fonetisk institutt. Universitetet i Oslo.
- Vigeland, Bjørn. 1995. *Norske dialekter. Oversyn, heimfesting og normalisering*. Oslo: Universitetsforlaget.
- de Vries, Jan. 1962. *Altnordisches etymologisches Wörterbuch*. 2. utg. Leiden: E. J. Brill.
- Vaa, Anders. 2016. *Dialektboka*. Oslo: Spartacus.
- Aasen, Ivar. 1848. *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Udgivet paa det kongelige norske Videnskabs-Selskabs Bekostning. Kristiania: Werner & Comp.

- Aasen, Ivar. 1864. *Norsk Grammatik*. Omarbeidet Udgave af „Det norske Folkesprogs Grammatik“. Christiania: P. T. Mallings Forlagsboghandel.
- 1873. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Omarbeidet og forøget Udgave af en ældre „Ordbog over det norske Folkesprog“. Christiania: P. T. Mallings Boghandel.